

Fra: Peder Seime [pederseime@hotmail.com]  
Sendt: 9. juli 2011 02:33  
Til: Sørensen Jan  
Emne: KU..Breim kraft..Fiskeprat

Som ivrig sportsfisker og grunneier ved elva og elveosen vil eg fortelle litt om mine erfaringer med fiske i vassdraget.

De er ingen tvil om att de er godt fiske og mange fiskarar, i nedre del av elva og elveosen frå slutten av april og utover hausten. Ørreten er feit og fin og varierer i vekt frå 300gram og opp i kiloen. kvaliteten på røya har og blitt fin. Den går eit lite stykke opp i elva tidleg i sesongen når elva er kald nok til att den trivst.

Eit av områda som gir svært gode fangstar frå slutten av juni, med snittvekt på 300-400gram og ofte kilofiskar, er elva frå ca 15 meter nedanfor seime bru og heile strekke, til litt nedom der elva deler seg i to utløp før elveosdeltaet. Dette er eit område kor elva renn både roleg og hardt i visse parti. Med store kampesteinar som naturlege tersklar, og varierende djupne der elvebotnen er prega av grus,sand stein og småstein. Mange stader i adskilte parti.

Når de er god sikt og ein går forsiktig ved elvekanten på denne strekningen på seimesida av elva, har eg mange ganger sett yngel på 3 til 6cm i dei rolege partia heilt inn i land.

Fisken som blir tatt på denne strekningen er hovedsakleg ørret som er identisk i utsjånad med fisken ein får i vatnet og omegn, Unntaket er fisk mellom eit og to kilo. Denne er nesten alltid raudprikkete..

Når ein fisker ovanfor seime bru får ein hovedsakleg ørret som er lik fisken ein får lenger opp igjennom elva. (dvs.røde prikker)

Har i alle år også fiska med garn i vatnet etter ørret og røye og må sei att kvaliteten på både røye og ørret har blitt fin dei siste åra.

På garnfiske i nærleiken av elveosen skjer de titt og ofte att ein får storørret. spesielt i storleiken 3,5 til 5 kilo og unntaksvis mykje større.

De hende seg att ein får jamnstor storørret rett ved sida av kvarandre i garnet, der den eine er hann og den andre er hofisk. Spesielt om høsten og på seinsommaren. Hovedvekta av storørreten er hannfisk, og årsaken er att den viklar den store haka si lett inn i småmaska garn.

Når eg har sett garn seint om hausten etter røye ved siden av elveutløpet som kjem ut ved reed camping, fekk eg for nokre år siden en hannørret på 5,5 kilo, der melka rann ut av fisken når eg avliva den...

Dette er eit område som er dekt av småstein med mykje knyttnevestørrelse på botnen og godt med straum frå elva heile året.

Også i Kandal ved kandalselva blir de tatt store ørretar om hausten..Her er de også sand, småstein og straum heile året.

De er ikkje gjort undersøkelsar på desse to plassane. I likhet med mange andre stader. Til tross for dette har de blitt trekt konklusjonar i KU...

De virker for meg svært merkeleg att dei i konsekvensutgreiinga ikkje har skreve om dei store mengdene med storørret som blei tatt i gamle dager nedanfor fisketrappa i flølodemninga og i byrkjelloområdet om hausten. Denne fisketrappa har ikkje fungert på 40 år!!

For nokre år siden raste muren i flølodemningen ut, og de er ikkje lenger eit vandringshinder. Dette er noko som er lett og sjå viss ein tar turen ned til området og ser. Heller ikkje dette har blitt tatt med...

De er også underleg att dei ikkje har snakka med nokon av dei ivrige sportsfiskarane som kjenner vassdraget best i Breim. Dette er de fleire som har undra seg over..

Ser lyst på framtida til den delen av storørrestammen som er tilknytt storelva. Som forhåpentlegvis vil begynne og gyte i byrkjelloområdet igjen. Og bli stor og sterk..som i gamle dager!!!

Helsing

Peder Seime